



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



tru



håp

”Eg vil gjera deg vis og læra deg  
den vegen du skal gå, eg vil la  
mitt auga kvila på deg og gie deg  
råd.” Salme 32,8

kjærleik



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

[www.hareid.kyrkja.no](http://www.hareid.kyrkja.no)



STØRST AV ALT


BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

[www.kyrkja.no/storstavalt](http://www.kyrkja.no/storstavalt)

Kyrkjeleg undervisning og læring

**(KUL) 10 ÅR - VÅR 2026**

**“Gud kjem til oss - i Bibelens bøker”  
Hareid Kyrkjelyd**



# Velkomen til å ta del i kyrkjeleg undervisning og læring (KUL)

De som vert 10 år/går i 4.klasse er denne våren inviterte til å få ei flott bok som fortel dei viktigaste historiene i Bibelen. Vi deler ut til dei som har meldt seg på førehand, i gudstenesta 11.januar. Det vert så tre samlingar krinsvis og ei fellessamling i kyrkja før vi presenterer det vi har lært i gudstenesta 01.februar.

Kyrkja har samstundes eit samarbeid med skulen der elevane ved hjelp av teikn og korte forteljingar lærer å hugse rekkefølga på forteljingane i Bibelen. Opplegget er laga av Bibelselskapet og er etter avtale med Undervisningsdepartementet berekna for bruk i skulen.

## Fellessamlingar

Gudsteneste i Hareid kyrkje **søndag 11.januar kl.11.00**

Førebuing til gudsteneste i kyrkja **laurdag 31.januar kl.12.00-13.00**

Gudsteneste i kyrkja **søndag 01.februar kl.11.00**

## Krinssamlingane

### Hareid

Onsdag 14.januar kl.12.10 - 13.40 på kyrkjelydshuset

Onsdag 21.januar kl.12.10 - 13.40 på kyrkjelydshuset

Onsdag 28.januar kl.12.10 - 13.40 på kyrkjelydshuset

### Hjørungavåg

Torsdag 15.januar kl.12.55-14.25 på bedehuset

Torsdag 22.januar kl.12.55-14.25 på bedehuset

Torsdag 29.januar kl.12.55-14.25 på bedehuset

### Bigset

Fredag 16.januar kl.14.00- 15.30 på bedehuset

Fredag 23.januar kl.14.00- 15.30 på bedehuset

Fredag 30.januar kl.14.00- 15.30 på bedehuset

Det betyr rett etter skuletid, og borna vert henta i døra, vi går saman med dei til kyrkjelydshuset/bedehuset



## Kva skal vi gjere

### 1. samling - i kyrkja

Vi deltek på gudsteneste der alle påmeldte får si eiga bok "Tidslinja".

### 2. samling - i krinsane

Vi lærer om Bibelen og "knekker koder", vi bruker tid til å fargelegge og løyse oppgåver i eige hefte. Finn historiene på tidslinja og syng.

### 3. samling - i krinsane

Vi repeterer teikna som vi lærte på skulen, og fargelegge oppgåver i heftet. Vi lærer sangar og har ulike aktivitetar

### 4. samling - i krinsane

Vi repeterer teikna som vi lærte på skulen, og les nokre av historiene i tidslinja, gjer oppgåver i heftet og lærer ny song.

### 5. samling - i kyrkja

Fellessamling i kyrkja. Vi førebur oss til gudsteneste der vi skal delta med ulike oppgåver og vise kva vi har lært.

### 6. samling - i kyrkja

Vi deltek på gudsteneste med dei ulike oppgåvene vi har øvd på, og viser fram teikna som fortel dei viktige historiene i Bibelen.

### Kontakt oss:

Har de spørsmål angande samlingane så ta kontakt. Kyrkjekontoret: 70 09 51 30/SMS: 92 09 01 74, straum post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

## Påmelding - KUL 10 år

For å gjere det litt enklare for oss å planlegge ber vi om ei tilbakemelding.

Det kan gjerne gjerast på telefon 70 09 51 30 eller SMS 920 90 174.

Svarslippen kan sendast i posten eller leverast på kyrkjekontoret seinast veka før oppstart.

Som foresett vil eg at ..... skal vere med på undervisninga.

☐ Som foresett tillet eg at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her: .....

Kontakttelefon

Underskrift foresatt